

Liafjord trygt framme - 75 mann snart på jobb

13.03.2012



Bileta viser siste del av slepeoperasjonen i 3 faser. Passering av Skorpegavlen, Hjørnevåg og oppankring på kaia

Eg gler meg, sa ordførar Synnøve Solbakken til uskedalen.no då ho idag tidleg såg slepet av Liafjordskroget nærme seg Uskedalen.
- Dette er ein stor dag ikkje berre for Uskedalen, men for heile Kvinnherad, la ho til.

No er skroget trygt framme etter ein prikkfri slepeoperasjon av Eide Marine Services i Høylandsbygd. Det vart manøvrert til kaien klokka 10 i føremiddag ved hjelp av 2 av slepebåtane til Eide - Eide Master og Eide Max.



Kaptein ombord på Eide Master som gjorde jobben frå Klaipeda til Skorpegavlen var Stian Eide og dei var 5 mann som gjekk på skift. Eide Max hjalp til på den siste biten frå Skorpegavlen og til kaia og då vart skroget slept med bakparten først. Det var ikkje vind og idelle tilhøve for ein slik operasjon. Over Skagerak var situasjonen ein heilt annan..



Gleden over operasjonen var stor hos Eidsvik som lenge har sakna eit storoppdrag. No får 25-30 mann jobb i første omgang, men allereie etter eitpar veker vil staben i arbeid bli auka til 50-60. Og etter ein månad vil toppen bli nådd med rundt 75, opplysar dagleg leiar Svein Arne Eidsvik. til uskedalen.no

- Vil det vera mange utlendingar blant dei og er det registrert nokon negative ytringar om det?
- Svaret er ja på det første og nei på det andre spørsmålet.

No er vi vant til at utlendingar hjelper oss når vi treng dei, var svaret.

Båten som no skal utstyrast er 64 meter lang og er ein kombinert trålar og snurpar. Liegruppen Fiskeri på Straume skal starta fiske med Liafjord i august hvis at går etter planen. Og hvis opsjonen for ein båt nummer 2 blir avløyst av kontrakt skal den vera klår for fiske i januar. Båtane blir ekstremt miljøvennlege,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen